

Nytt skritt fram for Uskedalen Brygge

22.07.2009



Bryggjeanlegget ved Uskedalen Brygge vert innbydande og fint. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det går ikkje så veldig fort, men no kan Sameiga Uskedalen Brygge glede seg over at prosjektet har teke eitt nytt skritt framover.

For stutt tid sidan vart fem nye båtplassar framfor Naustet teke i bruk i tillegg til plassane framfor hovudhuset.



Panorama frå fjorden, med dei fem nye båtplassane i fokus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også bryggja framfor Naustet er snart ferdig, det står att berre litt av jobben med skjørtet mot fjorden. Før monteringa av dei nye båtplassane vart det føreteke ein oppreinsking av fjordbotnen i området. Bryggjeområdet er i ferd med å verta innbydande, triveleg og fint, også med møblar og blomar.

- Likevel er det som no er gjort berre ei mellombels løysing. Framleis ventar vi på reguleringsplanen for området. Flytekaien som byggherren har sikra seg for montering ved Uskedalen Brygge ligg difor framleis på vent ved Eikelandet, seier leiari i Sameiga Marit Hjønnevåg.
- Det er trist at det skal ta så lang tid å fullføra eit buprosjekt, seier leiaren.

Sameiga og byggherren jobbar også med skilting av Uskedalen Brygge, dette for omsyn til besøkjande og for å letta tilkomsten med sjukbil, brannbil og eventuell anna utrykking.

Sameiga ventar også på resultat av eit brev som er sendt av brukarene av den kommunale Beinavikjo-vegen til kommunen om at det med det første vert montert ljos langs vegen, både av omsyn til trelastlageret, seks eksisterende bueiningar langs vegen og dei snart 20 nye bueiningane i Uskedalen Brygge. Det krevst ikkje fleire enn eitt eller to lampepunkter.

Av Ola Matti Mathisen